



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 23.04.2019 kl 19.45 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Stine Røyseth, Sturla Bell Fossen, Erlend Haugsbø (ref.)

#### Desse hadde meldt forfall:

Borgny Birkeland, Leif Arne Furelid, Lisbeth Haugsbø

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

#### MELDINGSSAKER:

##### 00005: Soknepresten har ordet

##### 00006: Rekneskapsrapport 2019

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet. Kontoar frå Vadheim søndsgsskule og ein konto øyremerk «barne og ungdomsarbeid» er no oppgjorte og overførte til Kyrkjebø sokneråd sin konto.

##### 00007: Påskennattsgudsteneste

Totalt 30 frammøtte til påskennattsgudstenesta, noko vi seier oss nøgde med sidan dette var første gang ein arrangerer slik gudsteneste. Beklagelevgis vart det gjort ein feil under gjennomføringa av gudstenesta slik at rekkjfølgja vart feil på to av salmane. Delar av programmet var også på bokmål. Ein ønskjer å arrangere påskennattsgudsteneste også neste år, og følgjande tilbakemedligar vert å ta med seg inn i arbeidet:

- Gjere gudstenesta meir høgtideleg
- Inkludere kykjelyden i omkvede
- Øve på salmene i forkant av gudstenesta

#### VEDTAKSSAKER:

##### Sak 015/19: Kyrkjevalet 2019 – listeframlegg til nominasjon

Arbeidet med å finne kandidatar til kyrkjevalet viser seg å vere vanskeleg. So langt har komiteen arbeidd seg gjennom stort sett alle identifiserte mogelege kandidatar, men langt på veg dei fleste ønskjer ikkje å stille.

Lista er difor ikkje komplett med tanke på 6 medlem og 5 vara, og ser slik ut per no:

- Irene Aase Aarseth
- Sturla Bell Fossen

- Kari Henny Dale
- Aud Kjersti Haugen
- Anna Sofia Høvik
- Ellinor Austreim

Samrøystes

**Sak 016/19: Gjennomgang av biskopen sin visitasrapport**

Då rapporten gjeld både Kyrkjebø og Høyanger sokn, vert saka utsett til neste møte. Høyanger sokneråd vert invitert til neste møte der ein tek denne saka opp i fellesskap.

Samrøystes

**Sak 017/19: Årshjul og aktivitetar**

Gjennomgang av aktivitetane som skjer fram til neste møte. Vert å merke seg er jubileumskonserten 5. juni og friluftsgudstenesta i Måren 10. juni som i år også inneholder konfirmasjon.

**Møtet slutt 21:15**

Erlend Haugsbø

- ref-